



## Miljøterapi i demensomsorga



Vidareutdanninga rettar seg mot sjukepleiarar, hjelpepleiarar, omsorgsarbeidarar, fagarbeidarar, sosialarbeidarar, vernepleiarar og andre som arbeider i omsorgstenestene. Eit meir demensvenleg samfunn er målet i Demensplan 2020 der kunnskap og kompetanse er sentralt. Omsorgstenestene står i dag ovanfor store utfordringar for å legge til rette for eit meningsfullt og aktivt liv for personar med demens og deira pårørande. Studieavgift kr 15 000. Ein kan søkje kommunen om støtte til studieavgift og andre utgifter. Kommunen kan få dekkja utgiftene hos Fylkesmannen (Kompetanseløftet 2020) etter søknad. Du kan søke på studiet frå 1. februar 2020.

### Studieinnhald

Etter gjennomført studium skal studentane ha kompetanse til å møte utfordringar ved kognitiv svikt både i demensomsorga og elles. Vidare skal dei ha kunnskap om personsentrert omsorg og ferdigheter til å kunne planlegge, iverksette og evaluere relevante miljøtiltak individuelt og i grupper. Det er også lagt vekt på å gi studentane kompetanse til å kunne spele på lag med pårørande og kunne reflektere over kva som er god omsorg i møte med sårbar grupper. Aktuelle tema: Demens og kognitiv svikt Nasjonale føringar i fagfeltet Personsentrert omsorg Kommunikasjon og samhandling Pårørandeperspektivet Velferdsteknologi

### Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiet er samlingsbasert med to samlingar om hausten og to samlingar om våren. Kvar samling er på tre dagar. Undervisninga er organisert i førelesningar, praktiske øvingar, prosjektarbeid, framføring, rettleiing og sjølvstudium. Studentane som kjem frå same arbeidsplass dannar læringsgrupper som skal møtast mellom samlingane. Dei får tilgang til eige elektronisk klasserom (Canvas), der m.a. program for samlingane, førelesningar og studiearbeid blir tilgjengeleg.

### Aktuelle yrke og vidare studium

Vidareutdanninga gir etterspurd kompetanse til ulike yrkesgrupper innanfor omsorgstenestene, som arbeider for å legge til rette for personar som bur heime, dei som har eit aktivitetstilbod på dagtid eller bur på institusjon.

**Studiepoeng / lengd:** 15 / 2 semester (1 år)

**Opptakskrav:** Generell studiekompetanse eller tilsvarande. Du kan også søke om opptak med grunnlag i realkompetanse.

**Søknadsfrist:** i

Lokalt opptak

**Studiestart:** Haust

**Kontaktperson:** For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18  
studentsorvis@hivolda.no